



Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement
Einar Gerhardsens plass 3
Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200900054-62/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 29. oktober 2009

Høyringsnotat om endringar i kommunehelsetenestelova - eit verdig tenestetilbod, "Verdighetsgarantien" - høyringsfråsegn

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 26.10.09, sak 15/09 - vedteke fylgjande høyringsfråsegn:

Innleiing:

Fylkeseldrerådet har merka seg det tidl. helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hansen uttaler i tilknytning til det her føreliggjande høyringsnotat:

"Jeg er glad for at vi i dag kan legge frem et samlet forslag som gjør at eldres rettstilstand styrkes og dermed fører til et forsterket tjenestetilbud til denne gruppen".

Like eins har fylkeseldrerådet merka seg at "Verdighetsgarantien" har referanse til tverrpolitisk avtale mellom regjeringa og Kristeleg Folkeparti og Venstre om det som er omhandla i "Omsorgsplan 2015" der partane er einige om, sitat:

"I arbeidet med en felles helse- og sosiallovgivning, skal det utformes en verdighetsgaranti som blant annet hensyntar forslagene i Dok 8:104 om en verdighetsgaranti og kvalitetsforskrift, herunder dagtilbud, måltider osv"

Dokumentert behov for styrking av eldres rettstilstand

Fylkeseldrerådet er kjend med innhaldet i "*Administrativ rapport 1-2009*

Riksrevisjonens undersøkelse av kvalitet og samarbeid i pleie- og omsorgstjenesten til eldre".

Innhaldet i nemnde rapport dokumenterer eit behov for konkrete tiltak som garanterer eldre sin rettstilstand i høve deira behov.

Fylkeseldrerådet har likeeins merka seg det som er konstatert i Sintef sin rapport: A 11522 (utarbeidd på oppdrag av KS) om at, sitat:

"I løpet av de siste 10-15 årene har pleie- og omsorgstjenestene utviklet seg fra å være en ren eldreomsorg til å omfatte stadig nye grupper av yngre mottakere, dvs. personer under 67 år. Eldre utgjør 66 prosent av hjemmetjenestebrukerne, og mottar 41 prosent av ressursene. Til sammenligning er 90 prosent av beboerne på sykehjem over 66 år. Samlet sett utgjør eldre 71 prosent av brukerne, og står for 63 prosent av ressursinnsatsen"

I tillegg til dette har Fylkeseldrerådet i Hordaland merka seg fylgjande innhald i NIBBR-rapport utarbeidd på oppdrag av helse- og omsorgsdepartementet, sitat:

"Foreløpige beregninger Helse- og omsorgsdepartementet har fått gjort (ref. NIBBR 2009) viser at mer enn 85% av årsverksveksten i sektoren i perioden 2002-2007 har kommet i hjemmetjenestene. Det har samtidig vært en kraftig vekst i tallet på tjenestemottakere under 67 år(!). I tillegg til brukere med psykiske problemer, har veksten skjedd blant personer med langvarige og sammensatte somatiske lidelser, ofte av nevrologisk art (Multiple sklerose, hjerneslag, trafikkulykker, Cerebral parese, Parkinson, epilepsi mv.

Dersom denne fordelinga av ressursbruk utviklar seg i same lei, vil gruppa vi definerer som eldre, dvs. 67+ tape i kampen om knappe personellressursar. Ref. her det som er uttalt i føreliggjande høringsnotat, side 8 – sitat:

"Veksten i omsorgstilbudet til eldre over 67 år har bare kommet i form av en noe styrket bemanningsfaktor i sykehjemmene, og ikke i form av vekst i hjemmetjenestetilbudet"(!)

Sett i denne samanheng er fylkeseldrerådet tilfreds med statistikk-prosjektet IPLOS - (individbasert omsorgsstatistikk) som registrerer opplysningar vedkomande bistandsbehov og tenester for alle søkjarar og mottakarar av kommunale omsorgstenester. Fylkeseldrerådet går ut frå at IPLOS ikkje skal erstatte Kostra-rapporteringen, men vera eit supplement til denne.

At fylkeseldrerådet er tilfreds med etableringa av IPLOS har logisk referanse til at vidareutviklinga av IPLOS skjer i eit samarbeid der Norsk Pensjonistforbund, fagorganisasjonar, Fylkesmenn, KS og einskildkommunar er med.

Det kommunale ansvar - gjeldande rett

Fylkeseldrerådet er for sin del usikker på korleis kommunane vil fylgje opp intensjonane i føreliggjande lovendringsforslag. Fylkeseldrerådet viser her til føreliggjande Rapportar frå Fylkesmannen (den siste for året 2008) som diverre konstarerer konkrete manglar i mange kommunar i høve fullnøyande tenestetilbod til eldre.

Sett i høve til det som ovanfor er referert om at det er aldersgruppen under 67 år som krev og oppnår aukande del av ressursane, er fylkeseldrerådet difor tilfreds med følgjande uttale i høringsnotatet, side 13, sitat:

"For å sikre at eldre ikke kommer urimelig ut i forhold til den generelle innsatsen i pleie og omsorgstjenesten, foreslår departementet å gi presise føringer for en verdig eldreomsorg. Departementet legger derfor frem forslag til en ny forskrift i medhold av Kommunehelsesloven § 1-3 femte ledd og Sosialtjenesteloven § 4-6 om en verdig eldreomsorg"

Forslag til endringer i Kommunehjelsetjenesteloven(Khl) – samt ny forskrift om en verdig eldreomsorg (Verdighetsgarantien)

I.h.t. forslaget vil ny innleiande tekst i § 2-1 ha slik ordlyd, sitat:

"Enhver har rett til nødvendig helsehjelp i den kommune der hun eller han bor eller midlertidig oppholder seg. Enhver har rett til et verdig tjenestetilbud når hun eller han har behov for det på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker.."

Forskrifta har eit innhald som presiserer hensikten med lovendringa: Fylkeseldrerådet tek til etterretning innhaldet i forslag til forskrifter, og har særskilt merka seg følgjande del av § 3 : Tjenestens innhold, sitat:

"For å oppnå målsettingenes innhold skal tjenestetilbudet legge til rette for at følgende hensyn ivaretas:

- a) En riktig og forsvarlig boform ut fra den enkeltes behov og tilstand*
- b) Et variert og tilstrekkelig kosthold og tilpasset hjelp ved måltider*
- c) Et mest mulig normalt liv, med normal døgnrytme og adgang til å komme ut, samt nødvendig hjelp til personlig hygiene*
- d) Tilby samtaler om eksistensielle spørsmål*
- e) Lindrende behandling og en verdig død*
- f) Å bevare eller øke sin mulighet til å fungere i hverdagen. Omsorgen skal bidra til habilitering og rehabilitering*
- g) Faglig forsvarlig oppfølging av lege og annet relevant personell, som sikrer kontinuitet i behandlingen*
- h) Tilby eldre som bor på helseinstitusjonen enerom*

Oppsummering- og konklusjon:


Fylkeseldrerådet i Hordaland viser til det som her er kommentert, og vil for sin del gje honnør til det tverrpolitiske samarbeidet som har resultert i føreliggjande framlegg til lovendring og forskrift - som vi vonar vil resultere i garantert god livskvalitet for eldre - her definert som "Verdighetsgaranti".

Sett i høve til at kommunane har ulike økonomiske prioriteringar, vonar vi at departementet ser til at intensjonane med føreliggjande lovendring og forskrift vert ein realitet og gjennomført.

For Fylkeseldrerådet i Hordaland



Olga Johannessen
-leiar-



Dagmar Reutz Hillestad
-rådgjevar-